

## Styremøte 06.11.17 i Indre Nordmøre forsvarsforening (INF)

Måndag 06.11.17 var det styremøte i INF på Surnadal kulturhus. Desse møtte: Olav Jostein Holten, Lars Indreiten, Halvor Flatekval og Johs. J. Vaag. Arvid Gjengstø møtte ikkje.

Sak 1.

### Referatsaker:

1. Leiaren orienterte frå landsmøtet i Norges Forsvarsforening (NFF) som gjekk føre seg i Tromsø i dagane 09.-11.06.17
2. Ivar Holten blei tildelt Forsvarsforeningens medalje av Presidentskapet i NFF. Medaljen blei overrekt av leiaren ved ei tilstelling på Toreseter i september 2017.
3. Leiaren orienterte om forsvarsstillingar i nedre Surnadal under siste verdskrigen. Dronefoto tatt av Edvard Bele Sæterøy frå dei aktuelle områda blei vist fram og orientert om frå leiaren si side. Det blir frå styret i INF si side rådd til at det blir lagt opp til eit møte med dei aktuelle personar i Surnadal kommune sin administrasjon som bør ha informasjon om desse forsvarsstillingane.. (NB.Dette møtet var no 30/11.)
4. Leiaren orienterte om sommartur til Hemne 29.08.17. Leiaren, nestleiaren og sekretæren deltok på turen. Det var interessant omvising på tyske forsvarsanlegg på Vinjæra og Kyrksæterøra. Oppmøtet var bra. Det var nyttig og grei orientering av kaptein/områdesjef Kjetil Spjøtvold på HV-huset, Kyrksæterøra.
5. Det blei informert om reiseopplegg til Forsvarets julegudsteneste i Nidarosdomen. Styremedlemene som deltek kjem til å ta bussen denne gongen.
6. INF hadde stand på Surnadal Sparebank si markering seinsommaren 2017 i samband med banken sitt 175-årsjubileum. Leiaren orienterte om dette.

Sak 2.

### Aktivitetsplan for 2018

27.01.18: Prøve til skiskyttarmerket på Toreseter. Start kl. 13.00.

15.02.18: Årsmøte på Hammerstuene, Surnadalsøra. Møtet startar kl. 13.00.

17.03.18: Skiskytingens Dag på Nordmarka. Tidsrom: Frå kl.11.00 til kl. 14.00.

04.05. og 05.05.18: Dugnad på Krigsminnesamlinga. Oppstart kl. kl. 10.00. Slutt kl. 16.00.

26.05.18: Open dag ved Krigsminnesamlinga. Frå kl. 12.00 til kl. 16.00.

Ultimo juni 2018: Øramartnaden.

Medio desember 2018: Forsvarets juieugudsteneste i Nidarosdomen. Nærare informasjon om dette vil korne på eit seinare tidspunkt.

Omvising på Krigsminnesamlinga for elevar i 9. klasse på ungdomsskolen.

Instruktørar: Olav Jostein Holten og Kristian Henden.

Til hausten blir det lagt opp til eit ope temamøte.

INF tek sikte på å halde fram samarbeidet med Nordmøre brigadeveteranforening.

Til sommaren blir det lagt opp til tur til Titran. Nærare informasjon om turen vil kome seinare.



Johs. J. Vaag

Sekretær/referent